



LUND UNIVERSITY

Så vanleg at det kan ikkje avfeiest: om V2 i innføydde setningar.

Julien, Marit

Published in:
Språk i Oslo. Ny forskning omkring talespråk.

2008

[Link to publication](#)

Citation for published version (APA):

Julien, M. (2008). Så vanleg at det kan ikkje avfeiest: om V2 i innføydde setningar. In J. Bondi Johannessen, & K. Hagen (Eds.), *Språk i Oslo. Ny forskning omkring talespråk*. Novus Forlag.

Total number of authors:

1

General rights

Unless other specific re-use rights are stated the following general rights apply:

Copyright and moral rights for the publications made accessible in the public portal are retained by the authors and/or other copyright owners and it is a condition of accessing publications that users recognise and abide by the legal requirements associated with these rights.

- Users may download and print one copy of any publication from the public portal for the purpose of private study or research.
- You may not further distribute the material or use it for any profit-making activity or commercial gain
- You may freely distribute the URL identifying the publication in the public portal

Read more about Creative commons licenses: <https://creativecommons.org/licenses/>

Take down policy

If you believe that this document breaches copyright please contact us providing details, and we will remove access to the work immediately and investigate your claim.

LUND UNIVERSITY

PO Box 117
221 00 Lund
+46 46-222 00 00

Så vanleg at det kan ikkje avfeiast – om V2 i innføydde setningar

Marit Julien

Fenomenet: Innføydd V2

Dei germanske V2-språka kallast V2-språk fordi hovudsetningar i desse språka som regel har det finitte verbet på andre plass. Innføydde setningar har oftast ei anna leddstilling, med det finitte verbet til sist, som i tysk, eller etter eventuelle setningsadverbial, som i det norske eksemplet i (1a). Likevel er det ikkje heilt uvanleg med V2 også i innføydde setningar, som i eksemplet i (1b), henta frå NoTa. Her står altså det finitte verbet føre setningsadverbialet. Slike innføydde setningar kan eventuelt ha noe anna enn subjektet framflytta til første plass, såkalla topikalisering, som i (1c).

- (1) a. Men det som er er at han *ikke kan* lage sanger.
b. Men det som er er at han **kan ikke** lage sanger. (NoTa)
c. Men det som er er at *sanger kan* han ikke lage.

Både *Norsk referansegrammatikk* (NRG, Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 866), og *Svenska Akademiens grammatik* (SAG, Telemann, Hellberg og Andersson 1999: b. 4, 537), nemner innføydd V2. Når det gjeld spørsmålet om kva som skal til for å ha innføydd V2, så seier begge verka at det først og fremst førekjem i *at(t)*-setningar som ikkje er presupponerte, og vidare at setninga som regel “anger vad någon tror, vet, förstår eller säger” (SAG) eller er innføydd under “eit typisk utsegnverb” (NRG).¹ Sjølv om det er ein klar samanheng mellom dei, så kan vi altså i prinsipp skilje på to typar av vilkår for innføydd V2: den første typen viser til eigenskapane til det syntaktiske elementet som setninga er innføydd under, og den andre typen viser til dei semantiske eigenskapane til setninga sjølv. Dei analysane av innføydd V2 som tidlegare har blitt presenterte legg ulik vekt på dei to slags vilkåra. Fleire

¹ Med notasjonen “at(t)” meiner eg den subjunksjonen som skrivast <at> på norsk og <att> på svensk. I skriftleg svensk er <att> òg infinitivmerke, men dette blir, til skilnad frå subjunksjonen, vanlegvis uttalt [o], som det norske å.

har observert at innføydd V2 oftast opptrer i setningar som representerer ein hevda proposisjon, anten ved at talaren sjølv hevdar, eller ved at talaren refererer ein påstand som ein annan har kommi med (sjå Andersson 1975, Green 1976, Wechsler 1991, Holmberg og Platzack 1995). Vikner (1995), derimot, noterer at V2 kan forekomma i komplementet til visse verb. Han kallar dei “bruverb”, men presiserer at desse ikkje nødvendigvis er “bruverb” i den opphavlege tydinga at dei tillet flytting av ein konstituent ut av komplementet (“setningsknute”, “satsfläta”). Han seier vidare at det er vanskeleg å finna ein annan eigenskap som skil bruverba frå andre verb, og han peikar på at det er ein viss variasjon mellom dei germanske språka når det gjeld kva for verb som er bruverb i hans tyding. Dette tar han til inntekt for at semantikken til verba ikkje er avgjerande.

Det eg vil prøve å vise i det følgjande er at vilkåret basert på semantikken faktisk *er* avgjerande – ei innføydd setning kan ha V2-leddstilling berre viss ho er hevda. Matrisepredikatet sine eigenskapar spelar ei indirekte rolle, på det viset at ikkje alle predikat kan ta hevda *at(t)*-setningar som komplement. Men som vi skal sjå, finn vi *at(t)*-setningar med V2 innføydde under element tilhørande mange ulike ordklassar, og i mange tilfelle kan ein ikkje seia at det er dette elementet som gjer innføydd V2 muleg. Såframt matrisesetninga er slik at den innføydde setninga kan vera hevda, så kan den innføydde setninga ha V2. Omgrepet “bruverb” blir dermed til lita nytte.

Deretter presenterer eg noen eksempel der eit ledd frå ei innføydd setning med V2 er flytta opp i matrisesetninga. Trass i at det er vanleg å anta at den slags flytting ikkje går, så har eg funni fleire skandinavishtalande som godtar det. Dette får konsekvensar for analysen av innføydd V2.

Innføydd V2: distribusjon og tolking

For å få eit bilde av distribusjonen av innføydd V2 i norsk og svensk søkte eg i NoTa, i bokmålsdelen og nynorskdelen av Oslokorpuset, som er eit norsk skriftspråkkorpus, og i det svenske tagga skriftspråkkorpuset PAROLE.² Søkestrengen eg brukte var *<at(t) [max 4 ord] V_{fin} {ikke/ikkje/inte}>*, slik at det eg fekk fram, var *at(t)*-setningar med det finite verbet føre negasjonen og med maksimalt 4 ord mellom det finite verbet og *at(t)*. Eg fekk ikkje med tilfelle der V2 viser seg på anna vis, for eksempel som topikalisering, som i (1c), eller der subjunksjonen manglar.

Tabell 1 visar kor mange (relevante) treff kvart av søka gav, og kor frekvent konstruksjonen var i kvart korpus. Som vi ser var frekvensen lågast i

² Ein presentasjon av korpusa finst i appendikset.

PAROLE, litt høgare i bokmålsdelen av Oslokorpuset, enda høgare i nynorskdelene av Oslokorpuset, og aller høgast i NoTa. I det minste i norsk er innføydd V2 altså vanlegare i tale enn i skrift. Eg mistenker derfor at om ein kunnen gjera eit tilsvarande søk i eit svensk talespråkkorpus, så ville ein få ein høgare frekvens enn i PAROLE, der frekvensen er ekstra låg på grunn av den sterke normeringa av svensk skriftspråk.

<i>Korpus</i>	<i>Korpusstorleik</i>	<i>Tal på treff</i>	<i>Frekvens at(t)-V-neg</i>
PAROLE	19 mill. ord	200	1 pr. 95 000 ord
Oslokorpuset, BM	18,5 mill. ord	291	1 pr. 64 000 ord
Oslokorpuset, NN	3,8 mill. ord	471	1 pr. 8100 ord
NoTa	1 mill. ord	271	1 pr. 3700 ord

Tabell 1: Førekost av at(t) ... V-neg i ulike korpus.

Når eg så skulle sortere treffa tok eg utgangspunkt i Hooper og Thompson (1973), som klassifiserer verbale og adjektiviske predikat i 5 typar etter kor på skalaen *presupponert–hevda* ei etterfølgjande *at(t)*-setning vil vera plassert. Dei seier vidare at dette samsvarar med kor lett predikata har for å ta som komplement ei *at(t)*-setning med hovudsetningsegenskapar, som for eksempel V2. Ei hevda setning kan altså ha V2, ei presupponert eller ikkje-hevda setning kan det ikkje. Resultatet av sorteringa skal eg nå gjera greie for.

Type A: Sterkt hevdande predikat

Til denne gruppa høyrer utsegnverb, og adjektiv som *sant*, *opplagt*, *klart*. Desse tar hevda komplement, og eg fann da òg mange eksempel på V2 etter desse predikata. Eit utval av desse ser de her:³

- (2) a. Så jeg bare sier at det kan jeg ikke gjøre. (NoTa)
- b. Alle seier at normalt fer ikkje Mikkel fram. (NN)
- c. Karl sa at det var ikke noe bestemt han vilde. (BM)
- d. Han slo tilbake att de skulle inte vara skadeglada. (P)
- e. Men det er klart at det hadde ikke så mye å si for oss. (NoTa)

Type B: Svakt hevdande predikat

Til denne gruppa høyrer visse tankeverb, samt predikat som *sjå ut til*, *vera muleg*. Desse tar òg hevda komplement, og igjen fann eg mange eksempel med V2 i komplementet:

³ Eg har merka av kjelda for kvart eksempel: NN for nynorskdelene av Oslokorpuset, BM for bokmålsdelen, P for PAROLE, og NoTa for NoTa.

- (3) a. Hun mente at det viktigste var ikke at litteraturlisten var lang. (NoTa)
 b. Han var viss på at ho var ikkje glad der ho var. (NN)
 c. Men det viste seg at det var ikke det at ho ikke kunne. (BM)
 d. Och jag tänker att tiden är inte människans läromästare. (P)
 e. Det er mulig at den helgen da reiser jeg antageligvis til Oslo. (NoTa)

Type C: Ikkje-hevdande predikat

Dette er predikat som *nekte for, vera umuleg*. Desse tar ikkje-hevda komplement, og skulle ikkje tillate V2. Det fann eg da heller ikkje. Og som vi ser, om vi tar eit eksempel som (4a), og gir den innføydde setninga V2, så blir resultatet ikkje så bra:

- (4) a. Men jeg tviler på at slike konserter faktisk hjelper mot volden. (BM)
 b. *Men jeg tviler på at slike konserter hjelper faktisk mot volden.

Det ser altså ut til å stemme også for skandinavisk at ikkje-hevdande predikat ikkje tar komplement med V2.

Ein skal likevel merke seg at om ein negerer eit predikat av type B får ein eit predikat av type C, og omvendt. Som Andersson (1975) peika på, blir da mulegheita for å ha V2 i *at(t)*-setninga da òg omsnudd:

- (5) a. *Han var ikkje viss på at ho var ikkje glad der ho var.
 b. Han var ikkje viss på at ho ikkje var glad der ho var.
 c. Men jeg tviler ikke på at slike konserter faktisk hjelper mot volden.

Ettersom matriseverbet er det same i (5a) som i (3b), og det same i (5c) som i (4a), så er det klart at det ikkje er dette aleine som avgjer om den innføydde setninga kan ha V2 eller ikkje. Omgrepet “bruverb” er altså ikkje så relevant her.

Type D: Faktive predikat

Faktive predikat tar presupponerte komplement, som Kiparsky og Kiparsky (1971) slo fast, og skulle ikkje tillate V2. Ut frå det vi har i (6) ser dette ut til å stemme. I eksempla i (6a) og (6c) har dei faktive matrisepredikata *angre på* og *vera rart* setningar utan V2 som komplement. Prøver vi å gi dei innføydde setningane V2-leddstilling i staden, som i (6b) og (6d), blir resultatet dårleg:

- (6) a. Jeg angrer på at jeg ikke tok tannhelse. (NoTa)
 b. *Jeg angrer på at jeg tok ikke tannhelse.
 c. Jeg synes egentlig det var rart at de aldri spurte meg. (NoTa)
 d. ?* Jeg synes egentlig det var rart at de spurte aldri meg.

Men eg fann likevel eitt og anna eksempel på V2 etter faktive predikat. Noen av dei ser vi i (7):

- (7) a. Jeg tenkte på at jeg greide ikke jobben slik jeg skulle. (BM)
 b. Tänk på att det är inte en enskild person som gör vinst här. (P)
 c. Alltid glemte de at den gutten var ikke som andre. (BM)
 d. Han finn det rimeleg at Jens vil ikkje nekta han det. (NN)
 e. Det er elementært at ansvar kan ikke delegeres. (BM)
 f. Det är så fantastiskt skönt att den fiolen finns inte. (P)

At desse predikata verkeleg er faktive ser vi av det at den proposisjonen som *at(t)*-setninga representerer alltid er presupponert, sjølv om vi vender på polariteten i matrisetninga eller modifierer modaliteten slik at setninga blir interrogativ eller får ikkje-indikativ modalitet.⁴ I (8) ser vi resultatet av polaritetstesten applisert på noen av eksempla i (7). Merk at V2-leddstillinga i *at(t)*-setningane nå kanskje ikkje kjenst like bra for alle talarar, men det viktige poenget med konstruksjonane i (8) er at presupposisjonane består.

- (8) a. Jeg tenkte ikke på at jeg greide ikke jobben slik jeg skulle.
 b. De glemte ikke at den gutten var ikke som andre.
 c. Han finn det ikkje rimeleg at Jens vil ikkje nekta han det.

Deretter gjer vi modalitetstesten på dei same setningane. Som vi ser så er proposisjonane som dei innføyde setningane representerer framleis presupponerte. Ei anna sak er det at nå blir det kanskje enda vanskelegare å halde på V2-leddstillinga.

- (9) a. Om du skulle tenke på at du (ikke) greier (ikke) jobben slik du skal...
 b. De kan komme til å glemme at den gutten (ikke) var (ikke) som andre.
 c. Han kan finna det rimeleg at Jens (ikkje) vil (ikkje) nekta han det.

⁴ Kiparsky og Kiparsky (1971) nemner også *gløymme* blant dei faktive predikata. *Hugse*, derimot, reknar dei som ikkje-faktivt.

Så kan ein spørja: Om dei innføydde setningane i (7) verkeleg er presupponerte, kan dei da samtidig vera hevda? Eg meiner at dei kan det. Det er da slik at talaren på den eine sida behandlar dei som presupponerte, men på den andre sida hevdar ho dei likevel, oftast for eiga rekning, som ei påminning. Det er dette som gjer innføydd V2 muleg her. Og når innføydd V2 kan vera vanskelegare å akseptere i (8) og (9), så kjem det av at det ikkje lenger er like lett å ta setningane for å representere proposisjonar som er hevda i tillegg til å vera presupponerte.

Type E: Semifaktive predikat

Dette er predikat som *innsjå*, *oppdaga* og *veta*. Desse er faktive i bekrefta og negerte påstandar i indikativ, men ikkje i spørsmål og i kondisjonalis (sjå Karttunen 1971). Dei skulle tillate V2 når komplementet er hevda. Og som venta fekk eg temmeleg mange treff som involverte semi-faktive predikat:

- (10) a. Curling i fylla det har jeg funnet ut at det går ikke. (NoTa)
- b. Ho merka at det kom ikkje lyd frå sjøen. (NN)
- c. Ho skjøna at det gjekk ikkje berre vel med nyetausa. (NN)
- d. Da oppdaget han at han var ikke alene. (BM)
- e. Eddie innser at han kan ikke lenger leve med Mona. (BM)

At(t)-setningane i (10) er alle presupponerte om vi negerer matriseverbet. I (11) viser eg dette med to av eksempla (igjen vil kanskje noen ha verbet etter negasjonen):

- (11) a. Curling i fylla, jeg hadde ikke funnet ut at det går ikke.
- b. Ho merka ikkje at det (ikkje) kom (ikkje) lyd frå sjøen.

Men presupposisjonen forsvinn om vi manipulerer modaliteten i matrise-setninga, som i (12). Merk at nå må vi også i dei fleste tilfella flytte på negasjonen i *at(t)*-setninga:

- (12) a. Det kan hende du finner ut at curling i fylla, det går ikke.
- b. Om ho skulle merke at det ikkje kjem lyd frå sjøen ...

Så langt ser det altså ut til at ei klassifisering av predikat etter Hooper og Thompson (1973) for det meste gir rett resultat når det gjeld innføydd V2 i skandinavisk. Men vi må ta med at ei *at(t)*-setning kan representere ein hevda proposisjon sjølv om den er komplement til eit semi-faktivt eller faktitivt predikat, og i slike tilfelle kan setninga også ha V2.

Innføydd V2 i andre omgivingar

I tillegg til det eg har gjort greie for så langt, fann eg innføydd V2 i ein del omgivingar som ikkje passar inn i klassifiseringa til Hooper og Thompson. Blant anna fann eg fleire eksempel på V2 i *at(t)*-setningar som er subjektspredikativ:

- (13) a. Men det som er er at han kan ikke lage sanger. (NoTa)
- b. Mitt poeng er at vi kjenner ikke omfanget. (BM)
- c. Problemet er at jeg klarer ikke å legge fortiden bak meg. (BM)
- d. Det rare var at han var ikkje døypt Tjøll. (NN)
- e. Vad jag menar är att det är inte ett medvetet val. (P)

Eg fann også V2 i *at(t)*-setningar som er komplement til substantiv:

- (14) a. Så trekker han konklusjonen at annet er ikke å vente. (BM)
- b. Der fanns den vesle utvegen enno, at han trudde ikkje det ho for og vasa om. (NN)
- c. Så fikk vi jo beskjed at man kunne ikke gå på parkett med sånne stiletthæler. (NoTa)
- d. Att säga att du får ingen glass för du är så fet, är att ge signalen att du duger inte. (P)

Andre av dei *at(t)*-setningane med V2 som eg fann, er komplement til pronomena *den* eller *det*. Eg viser noen av desse i (15) – og merk at i (15b) står ei kondisjonalsetning initialt i *at(t)*-setninga!

- (15) a. Det stranda alt saman på det at folk hadde ikkje tru på det. (NN)
- b. Noko anna er det at er ikkje skriftleg kontrakt gjort, kann det i sume høve vera prov for at ingen rettshandel er komen i stand. (NN)
- c. Men saken er den, at man kan ikke forsvare sig våpenløs mot en moderne armé. (BM)

Som eksempla i (16) viser, går det også bra å ha V2 i ei *at(t)*-setning som er komplement til eit *det* som er subjekt (i (16d) er predikatet topikalisert):

- (16) a. Det er nytt nå at du får ikke lov å bli allmennlærer uten å ha tre i matte. (NoTa)
- b. Det har slagits fast att lön är inte något som de lokala parterna ska göra upp om. (P)

- c. Nei det er greidt nok som Geir sa at Jens skulde ikkje ha folk. (NN)
- d. Noko anna er det at ein sedvane kann ikkje skapa rett. (NN)

Eg fann dessutan ein del tilfelle av V2 i *at(t)*-setningar som står til preposisjonar:

- (17) a. Da mener jeg det visuelle som går på at det er ikke noe særlig farge. (NoTa)
- b. Dette her med da altså at du kan ikke forvente at arbeidsgiver og arbeidstaker har samme motiv altså for å gå på jobb. (NoTa)
- c. Han hade fostrats till att ord skulle inte beslöjas. (P)
- d. Det hersket en uuttalt enighet om at uten Ariel ville ikke avlingen vært berget før frosten kom. (BM)
- e. De er misforståtte amerikanske patrioter forent i troen på at du skal ikke ha andre sykler enn Harley-Davidson. (BM)

Vidare fann eg mange eksempel på V2 i setningar innleidde med *sånn at, slik at, så at, for det at, fordi at, for at, därför att og plus(s) at(t)*. Her er eit lite utval:

- (18) a. Vi bodde i annenetasje i en villa da sånn at vi hadde jo ikke hele huset. (NoTa)
- b. Men belegget av sau og rein på Sørøya er lite, slik at det burde ikke være noe stort problem. (BM)
- c. Men dette var i begynnelsen av sveisingen så at de hadde jo ikke lært å sveise ordentlig den gangen. (NoTa)
- d. Så vi hadde god tid for det at vi kunne ikke sjekke inn før klokka to. (NoTa)
- e. Men jeg betaler ikke noen ting jeg for at jeg har ikke penger til det. (NoTa)
- f. Jag är skeptisk, därför att jag tycker inte slutförvarsmetoden är den rätta. (P)
- g. Ja det var der jeg bodde sist òg. Det var det. Pluss at Slemmestad er ikke noe pent sted, syns jeg. (NoTa)

I desse tilfella er det ingen samanheng mellom predikatet i matrise-setninga og hevdinga av den innføydde setninga. I staden er det setningsinnleiarane sjølve som legg til rette for at setningane kan vera hevda og ha V2.

Til slutt fann eg mange eksempel på V2 i *at(t)*-setningar som står til gradsuttrykk, etter mønsteret *så/slik X at(t)*. NRG nemner ikkje denne

konstruksjonstypen, etter det eg kan sjå, men SAG (b. 4, 632) diskuterer den i kapitlet om konsekutive bisetningar, og da med merkelappen “konsekvens av grad”. Eg vil bruke termen *konsekutivkonstruksjonen*, og eit utval eksempel ser vi i (19).

- (19) a. Så er det så himla trangt på de båtene at det er ikke klokt. (NoTa)
- b. Jeg hadde såpass mye å gjøre at jeg kunne ikke prioritere det. (NoTa)
- c. Likevel har vi oppnådd så mye at jeg kan ikke klage. (BM)
- d. De er falt så sammen at de er ikke lenger å ligne med hus. (BM)
- e. Men han sitter slik til at han kommer ikke fram. (BM)
- f. Dei jævlane kjører så pilråde at det går ikkje an. (NN)
- g. Hjarta buldra slik at han hørde ikkje lenger andre lydar. (NN)
- h. Jag var så elegant att det går inte att beskriva! (P)
- i. I Västeuropa är tågen numera så bekväma att det är inte klokt. (P)

Merk at i (19g) er X ikkje realisert, slik at det kan sjå ut til at vi har ei setning som er innleidd med *slik at*. Det er likevel klar skilnad mellom dette uttrykket og dei i (18). I eksempla i (18) ville matrisesetningane vera grammatiske også utan dei innføyde setningane, og *slik at/sånn at* etc. er subjunksjonar, men i (19) er *så/slik X at(t)*... ein nødvendig del i heilsetninga, og uttrykket *så/slik X* innleier ein adjektivfrase, adverbfrase eller nominalfrase, eller, i (19d), modifierer partikkelverbforbindelsen *falle sammen*.

SAG seier vidare at *at(t)*-setninga i konsekutivkonstruksjonen er hevda når matrisesetninga er hevda, men presupponert når matrisesetninga er presupponert. Etter dette skulle ei konsekutiv *at(t)*-setning kunna ha V2 når matrisesetninga er hevda, men ikkje når matrisesetninga er presupponert. Men det viser seg at polariteten og modaliteten i matrisesetninga spelar òg ein rolle. Alle matrisesetningane i (20) er hevda. Men verken i (20ab), som er det negerte motstykket til (19b), eller i (20cd), som er det hypotetiske motstykket til (19b), er *at(t)*-setninga hevda, og dermed kan den ikkje ha V2-leddstilling.

- (20) a. *Jeg har aldri så mye å gjøre at jeg kan ikke prioritere det.
- b. Jeg har aldri så mye å gjøre at jeg ikke kan prioritere det.
- c. *Jeg håper jeg ikke får så mye å gjøre at jeg kan ikke prioritere det.
- d. Jeg håper jeg ikke får så mye å gjøre at jeg ikke kan prioritere det.

Oppsummering

Det skulle nå vera klart at *at(t)*-setningar med V2 førekjem i mange ulike omgivingar i norsk og svensk. Det kan også vera interessant å notere at det vi har sett her er dei same omgivingane for innføydd V2 som Jörgensen (1978) fann i svensk talespråk, og også dei same som de Haan (2001) rapporterer om frå frisisk, Biberauer (2002) frå afrikaans daglegtale, og Heycock m.fl. (2003) frå færøysk. Det som er sams for alle *at(t)*-setningane med V2 er at dei er hevda.⁵ Men, kanskje med unntak av utsegnsverba, er det ikkje matrisepredikatet aleine som avgjer om den innføydde setninga kan vera hevda eller ikkje. Fleire faktorar, som polaritet og modalitet, spelar òg ei rolle, og i ein del tilfelle er valet av matrisepredikat ikkje relevant i det heile. Det betyr at omgrepet “bruverb” ikkje har noen sentral plass i analysen av innføydd V2.

Flytting ut av innføydde V2-setningar

Både Andersson (1975) og de Haan og Weermann (1986) hevdar at ein ikkje kan flytte eit ledd ut frå ei innføydd V2-setning. Dette har vorti ståande som sanninga om saka. Men det viser seg likevel at det finst både norsktalande og svensktalande som ikkje berre godtar konstruksjonar der objektet i ei innføydd setning utan V2-ordstilling har flytta til den initiale posisjonen i matrisetninga, som i (21a) og (22a), men som òg kan gjera den same operasjonen om den innføydde setninga har V2-leddstilling, som i (21b) og (22b). For somme går det like bra om verbet i matrisetninga er faktivt, som i (23).

- (21) a. *Denne artikkelen* sa ho at ho ikkje fekk tid til å lese __ .
b. % *Denne artikkelen* sa ho at ho fekk ikkje tid til å lese __ .
- (22) a. *Den här artikeln* sade hon att hon inte fick tid att läsa __ .
b. % *Den här artikeln* sade hon att hon fick inte tid att läsa __ .
- (23) a. % *Denne artikkelen* glømtte ho at ho hadde allereie lese __ .
b. % *Den här artikeln* glömde hon att hon hade redan läst __ .

⁵ Bentzen m. fl. (2007) har eit anna syn på dette. Dette synet argumenterer eg imot i Julien (2007).

For dei som aksepterer ein tom subjekts plass etter *at(t)* (og altså ikkje har noen *that*-trace-effekt), kan det dessutan vera muleg å flytte ut subjektet frå ei *at(t)*-setning med V2. Først eit eksempel frå Oslo-korpuset:

- (24) Dette var noko anna enn kreftene ho las om, dei som bøkene fortalde at var ikkje til å styre.

Så har vi eksempel frå ein nordnorsk informant i (25) og frå ein finlands-svensk i (26). I a-eksempla ser vi utflytting av subjektet i ei *at(t)*-setning *utan* V2, og i b-eksempla ser vi utflytting av subjektet i ei *at(t)*-setning *med* V2.⁶ I (25c) har eg dessutan tatt med ein variant med resumptivt pronomen, noe som er eit alternativ for denne informanten.

- (25) a. Denne arten trur eg at __ ikkje finst i Sibir.
b. Denne arten trur eg at __ finst ikkje i Sibir.
c. Denne arten trur eg at den finst ikkje i Sibir.
- (26) a. Den här sorten tror jag att __ inte finns i Sibirien.
b. Den här sorten tror jag att __ finns inte i Sibirien.

Endeleg kan enkelte talarar til og med flytte ein konstituent ut frå ei innføydd V2-setning som har noe anna enn subjektet i initial posisjon, altså med såkalla topikalisering. Men da må den fronta konstituenten i den innføydde setninga få emfatisk trykk og altså bli tolka som fokusert, mens den konstituenten som flytter ut må vera tema for heile uttrykket:

- (27) a. % Denne artikkelen sa ho at I GÅR fekk ho ikkje tid til å lese __ .
b. % Den här artikeln sade hon att I GÅR fick hon inte tid att läsa __ .

Grunnen til at eg tar opp desse flyttingane her er at både de Haan (2001) og Biberauer (2002) meiner at tilsynelatande innføydde setningar med V2 likevel ikkje er syntaktisk underordna det som ser ut til å vera matrisesetninga. Men viss vi kan flytta konstituentar frå *at(t)*-setninga til den andre setninga, så må *at(t)*-setninga vera syntaktisk underordna, så lenge det ikkje er kjent at flytting mellom koordinerte setningar er muleg.

⁶ I det minste når det gjeld norsk finst det talarar som godtar konstruksjonar som (25a) men ikkje konstruksjonar som (25b). Deira grammatikk blir ikkje diskutert her.

Konklusjon

Innføydde setningar med V2-leddstilling er syntaktisk sett underordna strukturar, i det minste i norsk og svensk. Når det gjeld kva for vilkår som skal vera oppfylte for at vi skal kunna ha innføydd V2, så viser det seg at det avgjerande er at setninga er hevda. Kva slags element setninga er innføydd under er berre av indirekte betydning, på det viset at visse verb lettare enn andre tar ei hevda setning som komplement. Men V2-setningar kan òg vera komplement til ord av andre klassar enn verb, og dessutan finst det setnings-innleiingar som gjerne innleiir hevda setningar, uavhengig av den syntaktiske omgjevnaden. Omgrepet “bruverb” er altså ikkje relevant i samband med innføydd V2, til tross for at ein lenge har rekna med at det er avgjerande.

Referansar

- Andersson, Lars-Gunnar. 1975: *Form and function of subordinate clauses*. Doktoravhandling, Göteborgs universitet.
- Bentzen, Kristine, Gunnar Hrafn Hrafnbjargarson, Þorbjörg Hróarsdóttir og Anna-Lena Wiklund. 2007: The Tromsø guide to the force behind V2. *Working Papers in Scandinavian Syntax* 79, 93–118.
- Biberauer, Theresa. 2002: Reconsidering embedded verb second: How ‘real’ is this phenomenon? *Working Papers in English and Applied Linguistics* 8. Cambridge: Research Centre for English and Applied Linguistics, University of Cambridge, 25–60.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997: *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget. (NRG)
- Green, Georgia. 1976: Main clause phenomena in subordinate clauses. *Language* 52, 382–397.
- de Haan, Germen J. 2001: More is going on upstairs than downstairs: Embedded root phenomena in West Frisian. *Journal of Comparative Germanic Linguistics* 4, 3–38.
- de Haan, Germen og Fred. P. Weerman. 1986: Finiteness and verb fronting in Frisian. Haider, Hubert og Martin Prinzhorn (red.): *Verb second phenomena in Germanic languages*. Dordrecht: Foris, 77–110.
- Heycock, Caroline, Anthony Alderson, Jonathan Brennan, Golda Fischer, Victoria Gall, Nicole Gregoire, Teo Juvonen, Tom Kelly, Sophie Krauss, Jennifer Pope og Sofia Sanchez-Romero. 2003: Verb movement and the Philosopher’s Stone: Some data from Faroese, Danish, and Swedish. Ms., University of Edinburgh.

- Holmberg, Anders og Christer Platzack. 1995: *The role of inflection in Scandinavian syntax*. New York: Oxford University Press.
- Hooper, Joan og Sandra Thompson. 1973: On the applicability of root transformations. *Linguistic Inquiry* 4, 465–497.
- Julien, Marit. 2007. Embedded V2 in Norwegian and Swedish. *Working Papers in Scandinavian Syntax* 80, 103–161.
- Jørgensen, Nils. 1978: *Underordnede satser og fraser i talad svenska: funktion och byggnad*. Lund: Ekstrand.
- Karttunen, Lauri. 1971: Some observations on factivity. *Papers in Linguistics* 4, 55–69.
- Kiparsky, Paul og Carol Kiparsky. 1971: Fact. Steinberg, Danny D. og Leon A. Jakobovits (red.): *Semantics: An interdisciplinary reader in philosophy, linguistics and psychology*. Cambridge: Cambridge University Press, 345–369.
- Teleman, Ulf, Staffan Hellberg og Erik Andersson. 1999: *Svenska Akademiens grammatik*. Stockholm: Svenska Akademien. (SAG)
- Vikner, Sten. 1995: *Verb movement and expletive subjects in the Germanic languages*. New York: Oxford University Press.
- Wechsler, Stephen. 1991: Verb second and illocutionary force. Leffel, Katherine og Denis Bouchard (red.): *Views on phrase structure*. Dordrecht: Kluwer, 177–191.

Appendiks: Undersøkte korpusar

NoTa: Norsk talespråkskorpus, Oslo-delen, Tekstlaboratoriet, ILN, Universitetet i Oslo. Tagga norsk korpus, talespråk, ca. 1 million ord, intervju og spontane dialogar. <http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/index.html>

Oslo-korpuset av tagga norske tekstar, nynorskdelen, tagga norsk korpus, skriftspråk, ca. 3,8 millionar ord, inneheld skjønnlitteratur, aviser og vekeblad, samt sakprosa. <http://www.tekstlab.uio.no/norsk/nynorsk/index.html>

Oslo-korpuset av taggede norske tekster, bokmålsdelen, tagga norsk korpus, skriftspråk, ca. 18,5 millionar ord, inneheld skjønnlitteratur, aviser og vekeblad, samt sakprosa (NOU-rapportar, norske lovar og forskrifter). <http://www.tekstlab.uio.no/norsk/bokmaal/index.html>

PAROLE, tagga svensk korpus, skriftspråk, ca. 19 millionar ord, inneheld romanar, aviser og tidsskrift, samt web-tekster. <http://spraakbanken.gu.se/parole/>